

# Styremøte Sunnfjord kulturråd

Møte onsdag 17. januar kl 19.00

## Referat

**Til stade:** Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Kari Eikås, Gerd Nesbø, Marion Aas Wie, Svein Inge Bjørkedal – leiar, Johan Bengtsson – sekretær, Anita Nordheim – Kommunalsjef Kultur og idrett.

### Saker:

#### 1. Presentasjon av Anita Nordheim, Kommunalsjef Kultur og idrett

- Anita har ordet
- Kulturlova 1.8.2007
- Anita presenterte plan for Kultur, frivillighet og integrering.
- Fleire innspel frå Sunnfjord kulturråd
- Slik har vi det nå – slik vil vi ha det i 2030
- Det vert ein ny runde med idrettsrådet og kulturrådet før endeleg handsaming
- 750-års jubileum for landslova. Markering i Ålhus 2024 – 300.000 kr frå Fylkeskommunen.
- Planen har ein handlingsplan med 6 særleg prioriterte tiltak –
  1. Nytt symjeanlegg og utvikling av Førdehuset
    - Ungdomshub, folkeverkstad, oppgradert sentralhall, kiosk og kaféområde
  2. Førebyggjande arbeid
  3. Maksimere kapasiteten i kommunale bygg og anlegg
  4. Kulturelt tyngdepunkt
  5. Frivilligheitspolitisk plattform
  6. Kulturmiljøarbeid i Sunnfjord kommune

Innspel frå Gerd: Det er viktig å lage arena der yngre og eldre kan møtast. Møtet meinte at det var viktig å ha med seg i alle dei prioriterte punkta. Det kan og vere at foreldre og born kan ha aktivitetar parallelt.

Innspel frå Svein Inge: Gratis leige for lag og organisasjonar i kommunale bygg. Dette er ein sak å jobbe med i den frivilligheitspolitiske plattformen.

Kirsten spelte inn mangel på dans i grunnskulen og fortalde om danseprosjektet. Dei same manglane gjeld kunst og musikkundervisning.

#### 2. Orientering frå leiar:

- Søknad om midlar for Heimeyrkesskulen  
Forprosjekt Jølstrahuset. Søker Norsk Kuturfond om 250.000 kr. Søknaden vert lagt ved referatet.
- Folkedansprosjektet. Sunnfjord kulturråd eig prosjektet. Kirsten og Leon har drevet prosjektet i 3 semester. Indre Sunnfjord spml søkte Folkorg og har fått bra med midlar. Det står 25.000 kr igjen på prosjektet.
- Sogn og fjordane folkemusikklag har brukt modellen for prosjektet, og har fått 400.000 kr.

- Møte med Vestland Fylkeskommune ved/Åge Avedal. Ynskje frå fylkeskommunen om å få til Vestland kulturråd.
- Kva skjer med Gamlebanken?  
Svein Inge har vore i kontakt med Sparebankstiftinga. Kjell Sandnes er positiv til den ideén. Sparebankenstiftinga har løyvd 3 millionar. Forslag om å spele inn Heimyrkesskulen og Gamlebanken som frivillig drifta bygg.

### **3. Orientering frå sekretær**

- Demo av nytt lydanlegg til bruk for kulturlivet i Sunnfjord.
- Blir leig ut til lag og organisasjonar for 1.000 kr per dag.
- Lage til manual

### **4. Sunnfjordgalla**

- Orientering om arrangementet av leiar
- Møtet oppretter jury for utvelgelse av årets Kulturarrangement i Sunnfjord 2023. Møtet vel ein jury som vel bland kandidatane.

### **5. Møtet vert heva.**

### **6. Juryen held fram til dei er einige om ein vinnar.**